



Ørjan med Kioti-tractor og firehjulingar. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Torsdag startar den største marknaden på Vestlandet i sitt slag. Det er Etnemarknaden, som plar samla 30.000-40.000. Også uskedelingar er klare til å ta turen til Etne. Ein av dei er Ørjan Haugland, som nyleg har starta firmaet Haugland Landbruk og som håpar på godt sal under marknaden.**

Ørjan har hatt fleire positive opplevingar i det siste og ein av dei var då ein japanar for stutt tid sidan kom eins ærend til Klammaren fordi Ørjan hadde sagt seg interessert i å starta import av brukte Iseki-tractorar.

- Eg ventar meg mykje av desse traktorane. Dei er brukte, men er opprusta og så gode som nye. Problemet førebels er at eg må ta inn ein heil containar med sju-åtte traktorar på ein gong og her kjem finansieringa inn i biletet. Den er enno ikkje løyst, seier Ørjan.

Kva for merke han skal satsa på til slutt er ellers litt av eit puslespel.

Han har no bestemt seg for å satsa på den koreanske traktoren Kioti, som dei lagar på den same fabrikk som Kubota. Den er robust og godt utstyrt.

Kinesiske og europeiske merker som han fall for frå starten er han på veg til å sjalta ut. Den kinesiske traktoren som han hadde inne var til dømes av for dårleg kvalitet i forhold til det kundane ynskjer.

- Eg sel mykje utstyr om dagen sjølv om det no har vore ferietid, fortel Ørjan. Han siktar då ikkje minst til plenklypparar. Og så har han teke inn firehjulingar, som er svært så populære for tida.

Av Ola Matti Mathisen



Masa frå Japan kom eins ærend til Ørjan på Klammaren.